



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

KOMMUNEREFORMA I MØRE OG ROMSDAL

POLITIKAROPPLÆRING JANUAR 2016

ved prosjektleiar Vigdis Rotlid Vestad



KOMMUNEREFORMA 2014 TIL 2016

1. Innleiing

Samanslåing av kommunar er igjen politisk aktuelt og sett på dagsorden av Stortinget. Siste revisjon av kommunar kom på byrjinga av 1960-talet og var eit resultat av den regjeringsoppnemnte Schei-komiteens arbeid. Schei-komiteen la fram si innstilling i 1957, og i 1967 var talet på kommunar redusert frå 744 til 454. 1964 var toppår for samanslåingar.

1964

Eit eksempel frå den gongen: Kommunestyret i tidligare Astafjord kommune sakshandsama ei sak i 1962 om dei skulle slå seg saman med Skånland kommune.

Kommunestyret i Astafjord hadde i likskap med kommunestyret i Skånland innvendingar mot Schei-komiteens innstilling og argumenter – og var i mot samanslåing:

«Formannskapet har behandlet saken i møte den 19. september d.å og innstiller enst. til kommunestyret å fatte følgende vedtak: Kommunestyret opprettholder sitt vedtak av 14.sept. 1957».

Kommunesamanslåingane på 1960-tallet blei i stor grad gjennomført på tross av motstand. Eit viktig argument i Schei-komiteens innstilling var eit endra transportmønster med overgang frå sjø- til vegtransport. Lokalbåten blei etter kvart erstatta av buss og ferje, og utbygginga av vegnettet var i full gang.

Kommunestyret i Astafjord grunna blant anna vedtaket med at vegforbindelsen mellom Grovfjord i Astafjord og Skånland ikkje var stort betre i 1962 enn den var i 1957.

Det går fram av referatet frå kommunestyret i Astafjord at det blei fremma motforslag, men formannskapets innstilling om å gå i mot kommunesamanslåing blei vedtatt med 10 mot 3 stemmer.

Samanslåing av Astafjord og Skånland kommunar blei likevel gjennomført med verknad frå 1.1.1964.

2015

Ved behandling av Kommuneproposisjon 2016 er stortingsfleirtalet samde om at *«alle kommunar har utgreiingsplikt i kommunereforma»* I innstilling 375 S (2014 -2015) presiserer fleirtalet at dei med utgreiingsplikt *«[...] legg til grunn at alle kommunar skal ta aktivt del i kommunereforma. Dette inneber blant anna å ha dialog med nabokommunar, utgreie og vurdere aktuelle alternativ, for så å ta stilling til kva for kommunar ein i så fall ønskjer å gå saman med, innan 1. juli 2016».* Dette inneber at kommunen må ha ein grundig prosess med sine nabokommunar, der også innbyggjarar, næringsliv og frivillig sektor vert involvert.

Eit fleirtal i kommunal- og forvaltningskomiteen uttrykte at *«Fylkesmannen må fylgje opp dei kommunane som ikkje på eige initiativ tek nødvendig lokalt leiarskap i arbeidet med kommunereforma»*

I Kommuneproposisjon 2015: *«Stortingsflertallet har lagt til grunn at frivillighetsprinsippet skal gjelde, men at det likevel vil være » [...] aktuelt i helt spesielle situasjoner der enkeltkommuner ikke må stanse endringer som er hensiktsmessige ut i fra regionale hensyn».*

Ved behandling av Kommuneproposisjon 2016 vedtok Stortinget: «*Stortinget ber regjeringa syta for at fylkesmannen kjem med sin tilråding om kommunestrukturen i fylket etter at kommunane har gjort sine vedtak seinast 1. juli 2016*».

Kommunereforma er ut i frå oppdraget frå Stortinget kome godt i gang i heile landet. Dei siste vedtaka om samanslåing er frå Rissa kommune i Sør-Trøndelag og Leksvik kommune i Nord-Trøndelag – som søkte om å slå seg saman til éin kommune 19.12. 2015. – «*Jeg vil gratulere lokalpolitikarane med å ha gjennomført en god prosess. Dette vil legge grunnlag for positiv utvikling og gode tenester til innbyggerne i hele den nye kommunen*», sa kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner. **Meir informasjon om arbeidet med kommunereforma i Møre og Romsdal i kap. 6.**

2. Hovudmåla i kommunereforma

Dei fire hovudmåla er:

- Gode og likeverdige tenester
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Fylkesmannen vil innleiingsvis først få gje kommunane i Møre og Romsdal ros for arbeidet dei står i med kommunereforma. Kommunane følger opp kva fleirtalet på Stortinget understrekar:

- at det er viktig at alle kommunar gjennomfører lokale prosessar innan fristen våren 2016
- at det er eit utgreiingsansvar for alle kommunar
- at kommunen skal leggje opp til prosessar for å skape eigarskap og engasjement både politisk og internt hjå sine arbeidstakarar
- og at innbyggjarane skal høyrast anten gjennom folkerøysting, høyringsmøter eller spørjeundersøkingar

Fylkesmannen har gjennom kontaktpersonane for kommunereforma i kommunane, og gjennom prosjektleiarane i regionråda god oppdatering frå kommunane – og til no vil eg seie at kommunane, sjølv sagt i ulik grad, har jobba godt fram til no. Arbeidet med kommunereforma gjer seg ikkje sjølv – og «frierferder» og det å ta initiativ er ein viktig del av arbeidet.

Stortinget har slutta seg til dei overordna måla for kommunereforma (Innst. 300 S (2013-2014)). Målet om **gode og likeverdige tenester** til innbyggjarane der dei bur er grunnleggande for å sikre gode lokalsamfunn i heile landet. Stortinget ønsker å ta vare på - og vidareutvikle den norske og nordiske modellen med sterke velferdskommunar som har stort lokalt sjølvstyre. Reforma skal også styrke føresetnadane for ei **heilskapleg samfunnsutvikling** i alle deler av landet. Det vil seie betre styring av arealbruk, bustadbygging, transport, næringsutvikling, samfunnssikkerheit og beredskap og miljø og klima.

Eit anna mål med reforma er å gjere kommunane så **økonomisk solide** at dei kan takle uventa hendingar, drive effektivt og løyse oppgåver som ikkje er lovpålagte.

Kommunereforma skal også **styrke lokaldemokratiet**. Større kommunar kan ta ansvar for fleire oppgåver. Det kan gje grunnlag for å redusere den statlege detaljstyringa. Stortinget ønsker kommunar som kan løyse sine oppgåver sjølv, og ikkje er avhengige av nabokommunar for å løyse lovpålagte oppgåver.

3. Milepælsplan

Kommunane i Møre og Romsdal har no gjennomført **fase 1 og fase 2** av kommunereforma i 2015, og skal no ta fatt på **fase 3** som er vedtaksfasen, frå 1.januar 2016 og fram til endeleg vedtak før 1. juli 2016.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i samarbeid med kommunane og regionråda utarbeida ei felles milepælsplan for arbeidet med kommunereforma. Fylkesmannen er kjent med at alle tre regionane har lagt seg tett opp til denne milepælsplana. Grunnen til at det er lurt å ha ei felles plan er sjølvstyk at mange av prosessane i dei enkelte kommunane er avhengig av liknande prosess i nabokommune(ar). Felles milepælar legg til rette for gode samkjørte forhandlingar, intensjonsavtalar, folkehøyringar og vedtak. Kommunane, regionråda og fylkesmannen har ein konsensus på at denne milepælsplana skal følgjast – og fristane her er siste fristar!

- **Frist for utgreiing innan 31.12.15**
- **Frist for retningsval innan 31.01.16**
- **Frist for avslutning av forhandlingar innan 20.03.16**
- **Frist for politisk behandling/intensjonsavtale innan 15.04.16**
- **Frist for gjennomført høyring/folkeavstemming innan 08.05.16**
- **Frist for endeleg vedtak innan 01.07.16**

Det er en brei einigheit på Stortinget om at det er behov for endringar i kommunestrukturen dersom vi skal nå våre nasjonale velferds mål. Stortingsfleirtalet er klar på kva det forventar at kommunane skal gjere i reformarbeidet. Forventninga går utover berre det å vurdere om kommunen kan fortsette åleine også i tiåra frametter. Ein grundig prosess med nabokommunar, der også innbyggjarar vert involvert, gjer at kommunestyra vil ha eit godt grunnlag til å fatte vedtak innan 1. juli 2016 om korleis dei skal møte framtidens utfordringar.

Både regjeringa og stortingsfleirtalet har gitt uttrykk for at kommunereforma bygger på at den skal vere frivillig og ha gode lokale prosesser. Unntak frå frivillig utvikling kan likevel vere aktuelt i heilt spesielle tilfelle for at enkeltkommunar ikkje skal kunne stanse endringar som er hensiktsmessige ut i frå regionale omsyn (Innst. 300 S(2013-2014)).

4. Viktige moment vidare

- Alle kommunar skal ta aktivt del i kommunereforma
- Dialog og grundige prosessar med nabokommunar
- Vurdere aktuelle alternativ
- Ta stilling til kva slags kommunar ein ønskjer å gå saman med
- Ein kommune kan ikkje hindra utvikling hjå nabokommunar

Velferd og samfunnsutvikling

- Korleis sikre at innbyggjarane får like gode og betre tenester av kommunane dei neste 20 til 30 åra?
- Korleis sikre god styring dei neste åra av arealbruk, bustadbygging, transport, næringsutvikling, samfunnssikkerheit og beredskap og miljø og klima?

Bu- og arbeidsmarknadsregionar

- Kva arbeidsmarknadsregion høyrer din kommune til – og har det noko med kommunestruktur å gjere?
- Korleis styrke kommunar som har 100% dekning med arbeidsplassar?
- Korleis styrke dei typiske pendlarkommunane?
- Arbeidsplassdekninga i Møre og Romsdal var i 2014 på 96 prosent. Dette er om lag som tidlegare år og viser at fylket har om lag 5000 færre arbeidsplassar enn arbeidstakarar. Det er fire kommunar som har full dekning eller meir: Molde, Ulstein, Ålesund og Sunndal. Den lågaste arbeidsplassdekninga finn vi Nesset, Gjemnes, Giske, Sula og Skodje

Økonomi og lokaldemokrati

- Korleis sikre at kommunane kan ha ein berekraftig økonomi – slik at vi kan fortsetja å driva «Mor Noreg» etter vår velferdsmodell?
- Korleis kan vi styrke lokaldemokratiet?

Involvering av ungdom

- Ungdomane er framtida
- det arbeidet vi gjer no, skal bli deira samfunn
- Moglegheit for å skape eit moderne fylke
- fråflyttingsproblematikk
- Ungdomar representerer eit anna perspektiv
- ser andre moglegheiter og utfordringar

5. Fylkesmann si tilråding

Fylkesmannen har fått frist på seg for innsending av tilråding til ny kommunestruktur i Møre og Romsdal innan 1. okt. 2016.

Kommunestyrevedtaka skal sendast fylkesmannen, som skal vurdere om vedtaka er i tråd med måla for reforma og fylkesmannen skal gje ei tilråding om kommunestrukturen i fylket, slik stortingsfleirtalet har bedt om. Departementet vil på bakgrunn av tilrådinga førebu ein proposisjon for Stortinget, som vert lagt fram våren 2017. Regjeringa vil også følge opp Innst. 333 S (2014-2015) om nye oppgåver til større kommunar og forslag om redusert statleg detaljstyring. Dette vil også bli lagt fram for Stortinget våren 2017.

Fylkesmannen skal bygge si tilråding på:

- Kommunen sin prosess og vedtak
- Fakta og utgreiingar
- Heilskapleg utvikling

Prosess og vedtak

- Primært bør kommunen ha minst eitt grunngjeve alternativ som legg til grunn at det har vore gode prosessar, opplyste fakta og gjennomarbeida vurderingar.
- Sekundært kan kommunen velje å stå som eigen kommune. I tillegg bør kommunen ha minst eitt grunngjeve alternativ som legg til grunn at det har vore gode prosessar, opplyste fakta og gjennomarbeida vurderingar.
- Dersom vedtaket inneber at kommunen berre ynskjer å fortsetje som før utan alternativ – har ikkje kommunen gjeve råd til fylkesmannen sett i høve til bestillinga frå Stortinget og regjeringa

Fakta og utgreiingar

- Lokale forhold og fakta
- Fylkesmannen sine fakta om kommunen
- Utgreiingar
- Statistikkar og analysar
- Bo- og arbeidsmarknadsregionar

Det er i løpet av året gjennomført mange utgreiingar og anbefalingar om ny kommunestruktur i Møre og Romsdal. Her ligg mykje god kunnskap for den einskilde kommune som grunnlag for vidare vurderingar. Fylkesmannen på si side skal også legge utgreiingane til grunn for si vurdering – forskjellen mellom den einskilde kommune og fylkesmannen er at fylkesmannen må sjå alle kommunane saman i eit heilskapleg bilete. Ulike utgreiingar i regionane – mykje god kunnskap og forslag til nye kommunar. Fylkesmannen vil drøfte og vurdere utgreiingane – og gjere sine vurderingar sett ut i frå eit heilskapleg perspektiv

Heilskapleg utvikling

Fylkesmannen skal til slutt analysere og vurdere kva som gagnar ein samla kommunestruktur i Møre og Romsdal – og som styrker distrikta – og deira naturlege regionsenter – og styrker byane – slik at dei blir attraktive og gode samarbeidspartnarar for distrikta – og vere ein konkurrent til dei større byane utanfor fylket.

6. Kommunereforma i Møre og Romsdal fram til 31.12. 2015

Arbeidet med kommunereforma frå Fylkesmannen

Ut i frå mandatet frå Stortinget og regjeringa har Fylkesmannen i M&R fått i oppdrag å sørge for at kommunane **kjem i gong** med kommunereformarbeidet, og at dei **kjem i mål med prosessane** slik at dei kan fatte vedtak innan 1. juli 2016. Fylkesmannen har følgd opp kommunane på bakgrunn av

[prosessvedtaka](#) og aktiviteter i den einsskille kommune, og samarbeider tett med regionråda der kommunane har nytte av felles aktivitet og møteplassar.

Kommunane har sendt ein undervegsrapport til fylkesmannen i juni 2015, og det er laga ein [samlerrapport](#) av all informasjonen som blei motteken frå kommunane og regionråda gjennom denne rapporteringa. Undervegsrapporten ga fylkesmannen eit godt bilde på prosessen fram til sumaren 2015, og resultatata har gjeve grunnlag for det vidare arbeidet hausten 2015.

Fylkesmannen har i løpet av 2015 organisert seg slik at i tillegg til fagpersonane som arbeider med kommuneøkonomi, er no 4 juristar også tilgjengeleg for kommunane i arbeidet med kommunereforma. Ein av desse juristane er sett til å leie dette arbeidet internt, og vil vere hovudkontakten ut til kommunane.

Vedtak og prosess i kommunane

36 kommunestyre i Møre og Romsdal har forberedt og vedteke plan for arbeidet med kommunereforma fram til endeleg vedtak våren 2016.

Kommunane har ønska at regionråda skal koordinere og arrangere felles møter, møteleiing, utgreiingar osv. i høve til arbeidet med kommunereforma. Regionråda har difor hatt ein sentral rolle – både samla for heile regionen og delteke i prosessar der deler av regionkommunane har hatt felles prosessar.

Kommunane på Sunnmøre: (Sunnmøre regionråd) Vanylven, Sande, Herøy, Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta, Norddal, Stordal, Ørskog, Sula, Skodje, Ålesund, Haram, Sykkylven, Stranda, Giske.

- *Sandøy kommune høyrer til Romsdal, men er berre medlem i Sunnmøre regionråd*
- *Vestnes kommune høyrer til Romsdal, er medlem både i Romsdal regionråd(ROR) og Sunnmøre regionråd*

Kommunane på Sunnmøre har eit godt samarbeid med Sunnmøre regionråd som har drege mange felles prosessar for sine 18 kommunar, inklusiv kommunane Sandøy og Vestnes i Romsdal. Regionrådet har 2 tilsette som arbeider med kommunereforma. Alle kommunane har delteke i felles prosessar. Sentio Resarch har gjennomført [felles innbyggjarhøyring](#) hausten 2014 for alle kommunane. BDO la fram eit [utfordringsnotat](#) i feb. 2015 for alle kommunane i samband med kommunereforma. Ny [innbyggjarhøyring](#) blei lagt fram 26.nov. 2015.

Kommunane **Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid** hadde [work-shop 3. og 4. des.](#) for å sjå på moglegheiter til ein ny kommune på Søre Sunnmøre.

Kommunane som grensar mot Sogn- og Fjordane(SF) har tidvis hatt nabopratar med sine grensekommunar i sør, og det er endå ikkje heilt avslutta slike samtalar. Kommunane våre har ikkje vist alt for stor interesse sørover – men vi merker oss at dei ikkje heilt har avvist samarbeid sørover.

Kommunane **Ørsta og Volda** har begge omtrent likelydande vedtak frå juni 2015 på å gå vidare i samarbeid med målsetting om å utarbeide ei felles intensjonsplan for ei evt. samanslåing av desse to kommunane. Kommunane hadde [prosjektmøte 5. nov.](#) der dei la konkrete planar for det vidare arbeidet. Det føreligg ein rapport frå jan. 2015 som Volda kommune er oppdragsgivar for: « [Byregionen Volda – Ørsta](#)». Ein rapport som tek for seg utfordringar og moglegheiter for regional utvikling og attraktivitet.

Kommunane **Sykkylven, Stordal, Norddal og Stranda** har arbeida med eit prosjekt dei kalla [«Alternativ Indre Storfjord»](#). Deira sluttrapport blei presentert i august 2015 som kommunane brukar no i sitt vidare arbeid med kommunereforma.

Det har vore eit tilsvarande arbeid med kommunane litt lenger nord på Sunnmøre/delvis Romsdal. Det er **Sandøy og Vestnes i Romsdal og Skodje, Ørskog, Nordal og Stordal på nordre Sunnmøre**. Dette prosjektet har fått namnet [«Landkommuneprosjektet»](#) og blei ferdig i sept. 2015. Deltakarkommunane fekk også eit [bestillingsdokument](#) der kvar kommune skulle gå igjennom ei SWOT-analyse. Også dette arbeidet legg opp til at det skal vere eit grunnlag for kommunane i det vidare arbeidet.

Det største prosjektet på Sunnmøre som har arbeidet med kommunereforma er [«Regionkommune Sunnmøre»](#) som blei presentert ferdig i august 2015. Det er kommunane **Hareid, Ulstein, Skodje, Sula, Giske, Haram, Ørskog, Norddal, Stordal, Stranda, Sykkylven, Ålesund og Sandøy i Romsdal**, til saman 13 kommunar. Deltakarkommunane fekk også eit [bestillingsdokument](#) der kvar kommune skulle gå igjennom ei SWOT-analyse. Kommunane er godt i gong med å nytta heile dette prosjektarbeidet for vidare oppfølging med kommunereforma i sin kommune. Ålesund Kunnskapspark bestilte ei studie frå Møreforskning med tittel [«Ålesundsregionen - integrert og fragmentert?»](#) som også har vore grunnlagsdokument i dette arbeidet.

Ålesund som største kommune på Sunnmøre har gjort vedtak om utnemning av eit forhandlingsutval, der mandatet tilseier at dei skal starta arbeidet med forhandlingar med nabokommunar der målsetting er å utarbeide ein intensjonsavtale. Ålesund kommune tek utgangspunkt i arbeidet som prosjektet «Regionkommune Sunnmøre» har lagt fram.

Kommunane på Nordmøre: (ORKide) Rindal, Surnadal, Halså, Aure, Smøla, Sunndal, Tingvoll, Kristiansund, Averøy, Eide og Gjemnes

- *Neset og Fræna kommune høyrer til Romsdal – men er med på div. interkommunale samarbeid i ORKide.*

I oktober 2014 blei det arrangert felles formannskapsmøte for kommunane på Nordmøre der kommunereforma var tema. Regionrådet la fram tiltaksplan for arbeidet, og frå mai 2015 blei det tilsett prosjektleiar for kommunereforma i Nordmøre regionråd. Kommunane ønska då at regionrådet tok på seg oppgåver i dette arbeidet dei kunne ha ei felles tilnærming til. Telemarksforskning blei engasjert til å utgreie mogleg framtidig kommunestruktur på Nordmøre for kommunane **Rindal, Surnadal, Sunndal, Halså, Aure, Smøla, Kristiansund, Tingvoll, Averøy, Eide og Gjemnes**. Kommunane **Neset og Fræna** i Romsdal og **Hemne, Hitra, Snillfjord og Oppdal** i Sør-Trøndelag fylke var med i nokon av strukturalternativa. [Felles kommuneutgreiing](#) blei lagt fram på felles kommunestyremøte i Kristiansund 5. nov..

Kristiansund som største kommune på Nordmøre har i bystyret 24.nov. vedteke retningsval for Kristiansund. Kristiansund ynskjer å starte forhandlingar med **Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså, Aure og Smøla**. I samband med vedtak frå bystyret 10.nov. er det enda mogleg å utvide tal på kommunar som kan vere med i forhandlingar.

Averøy kommune har vedteke eit liknande vedtak som Kristiansund, og har allereie invitert og [gjennomført møte](#) med dei nemnte kommunane over.

Rindal kommune har søkt om overflytting til Sør-Trøndelag fylke, og er av den grunn med i utgreiingsarbeid med kommunane i Orkdalsregionen.

Kommunane på Nordmøre har gjennomført [innbyggerundersøkingar](#), og nokon kommunar har vedteke å høyre innbyggerane sine med folkerøysting våren 2016. Etter at arbeidet med felles utgreiing no er ferdig er ein ny fase starta med vedtak i kommunestyra om forhandlingsutval – og nærare samarbeid med sine naboar.

Kommunane i Romsdal: (ROR) Nesset, Rauma, Vestnes, Midsund, Aukra, Molde, Fræna, Sandøy

- *Eide kommune tilhøyrar Nordmøre - er medlem både i ORKide og ROR*
- *Nordmørskommunane Gjemnes og Sunndal er med på en utredning vedrørende fremtidig kommunestruktur innen ROR-området*
- *Sandøy kommune er ikkje medlem i ROR*

Kommunane i Romsdal har eit godt samarbeid med Romsdal regionråd – og regionrådet har drege mange felles prosessar i arbeidet med kommunereforma. Regionrådet har 2 tilsette som arbeider med kommunereforma. Kommunane i Romsdal har saman med regionrådet blitt einige om ei felles [milepælsplan](#) for arbeidet med kommunereforma.

Kommunane i Romsdal har gjennomført [utgreiing](#) utført av Telemarksforsking, i samarbeid med NIVI analyse. Kommunane som har inngått i utgreiingane er **Aukra, Fræna, Midsund, Molde, Nesset, Rauma, Vestnes og Eide, Gjemnes og Sunndal** på Nordmøre - med totalt 12 ulike strukturalternativ. Gjennom sluttrapporten kjem det fram kva slags strukturalternativ som kjem best ut, og som kommunane no ser til i dei vidare sonderingane med kvarandre.

Kommunane Eide, Molde, Fræna og Rauma gjennomførte våren 2015 [innbyggerundersøkingar](#). Alle kommunane i Romsdal har i 2015 gjennomført ei eller fleire innbyggerundersøkingar. 5 kommunar har allereie vedteke å gjennomføre folkerøysting våren 2016.

Dei fleste kommunane i Romsdal har eller er i gong med å gjere vedtak om **forhandlingsutval/sonderingsutval med tilhøyrande mandat for arbeidet**. Kommunane har felles struktur på desse utvala som består av ordførar, varaordførar, leiar av det største opposisjonspartiet og rådmann. Forhandlingar/sonderingar omkring ein [ny kommune på Romsdalshalvøya](#) er allereie starta, og 2 møter er gjennomført.

[Molde kommune som den største kommunen i Romsdal](#) har gjort vedtak om retningsval der dei ynskjer å gå inn i forhandlingar med alle kommunane på Romsdalshalvøya, samt kommunane Vestnes og Rauma. Også kommunane Rauma, Midsund og Nesset har gjort sine retningsval. Gjemnes kommune på Nordmøre har også gjort retningsval, der eit av vala er mot Romsdal.

Nesset kommune har gjort vedtak om alternativ: Enten å være med i ein størst mogleg Romsdalskommune eller skipa ein ny kommune saman med Sunndal kommune. [Forhandlingar/sonderingar](#) er allereie starta opp.

Sunndal kommune har takka ja til å innleie sonderingar med Nesset kommune. Plan for desse sonderingane er på plass og dei har allereie gjennomført [fleire møte](#).

Interkommunalt samarbeid

Mellom kommunane i Møre og Romsdal er det etablert ei rekke interkommunale samarbeid. Fylkesmannen har sendt ut **eit brev til kommunane som gjev rettleiing på temaet «oppør av interkommunalt samarbeid»**.

I samband med kommunereforma vil det vere nyttig for kommunane å gå gjennom dei ulike interkommunale samarbeida dei er med i. Kommunane bør i prosessane frametter vurdere behovet for interkommunalt samarbeid ut i frå korleis den nye kommunen vil sjå ut. Vi viser rapport frå [NIVI analyse frå 2013](#) og til tabell under som syner talet på interkommunale samarbeid for den ein-skilde kommune i 2013.

Økonomi i kommunareforma

Kommunane har fått tildelt skjønnsmidlar i 2015 spesielt retta til arbeidet med kommunereforma. Sjå link til tabell over tildelingar og forklaringar.

Kommunane i Møre og Romsdal har ikkje gjennomført innbyggjarhøyring i 2015 på bakgrunn av **vedtekne val av alternativ**, berre på generelt grunnlag med bakgrunn i kommunereforma. I 2016 vil mange kommunar høyre innbyggjarane sine på vedtekne val, og i den forbindelse vil kommunane bli tildelt kr. 100 000 i skjønnsmidlar til dette arbeidet.

Fylkesmannen har vedteke at kommunane og regionråda skal få tildelt følgjande skjønnsmidlar i arbeidet med kommunereforma i 2016:

Dei tre største bykommunane kr. 500 000 kvar, dei resterande 33 kommunane kr. 200 000.

Regionrådet på Sunnmøre får kr. 2 mill., Regionråda i Romsdal og på Nordmøre får 1 mill. kvar.

Etter at kommunane har vedteke «sin nye kommune i 2020» får kvar av dei «nye kommuneprojekta» kr. 1 mill. til ei prosjektstilling.

Ungdom i kommunareforma

Fylkesmannen har i løpet av året engasjert ein prosjektmedarbeidar i 20% stilling til arbeidet retta mot ungdom i kommunereforma. Alle ungdomsråda ved leiarane blei på forsumaren invitert til felles møte i regionane for å gje innspel til arbeidet retta mot ungdom.

Innspela resulterte i ein video for ungdom; [«Kommunereforma på eitt minutt» og eit undervisningsopplegg](#) som kan nyttast av kommunane i arbeidet med kommunereforma.

Fylkesmannen har i tillegg gjeve alle kommunane kr. 50 000 i skjønnsmidlar øyremerka til arbeidet med ungdom i kommunereforma.

Informasjon til alle målgrupper

Kommunane har eit stort ansvar i å formidle god nok informasjon ut til innbyggjarane sine om måla i kommunereforma, fakta om eigen kommune og moglege framtidsbilete ut i frå analysar frå ulike institusjonar.

Kommunane har gjeve uttrykk for at formidling av god nok informasjon og medverknad frå innbyggjarane er ei stor oppgåve å få til i arbeidet med kommunereforma. Dei ulike målgruppene held seg orientert gjennom ulike media - tradisjonelle folkemøte når berre ei lita gruppe - og det er ulik interesse for å ta til seg kunnskap om kommunereforma. Dei fleste kommunane i Møre og Romsdal har eigen side på sine heimesider til kommunereforma.

Fylkesmannen har også ein rolle i å spreie kunnskap og fortløpande informasjon om kommunereforma. Då er sjølvstøtt politisk og administrativ leiing i kommunane hovudmålgruppa for fylkesmannen.. Fylkesmannen har kontaktpersonar i alle kommunane spesielt retta til arbeidet med kommunereforma – og all ny informasjon har blitt sendt til kontaktpersonane fortløpande.

Frå juni har fylkesmannen vedteke å sende ut til kommunar og andre samarbeidspartar eit «[NYHENDE](#)» spesielt retta omkring ny informasjon om kommunereforma. Nyhende blir utgjeve ein gong i månaden.

Fylkesmannen har på sine heimesider lagt ut [kontaktinfo](#) til dei ulike fagpersonane hjå fylkesmannen som arbeider med kommunereforma.

Kontaktperson: prosjektleiar Vigdis Rotlid Vestad, tlf.: 71 25 84 47, mobil 99 15 85 49,
E -post: fmmrvive@fylkesmannen.no

Meir informasjon om kommunereforma finn du her:

[Fylkesmannen i Møre og Romsdal](#)

[Kommunal- og moderniseringsdepartementet](#)